

## Årsrapport Meland Jazzkafe 2016 (1/8 2015 – 31/7 2016)

Jazzkafeen har etablert seg som ei attraktiv scene for lokale jazzmusikarar, og me opplever no også å verta kontakta av band frå Bergen og andre delar av vestlandet som ynskjer å spela hos oss. Booking av arrangement er ikkje vanskeleg, sesongen er stort sett på plass 1 år i førevegen, og fleire band står i kø.

Publikum er ei blanding av ein fast kjerne, og stadig nye som oppdagar at vi er til. Besøkstalet i år har variert frå 31 til 95 betalande.

Desse banda har spela:

Hans Marius Andersen trio : 18/9-2015

Fana Stoband: 30/10-2015

JML-band: 27/11-2015

Alverflaten Jazzband: 29/1-2016

Fredriksberg Jazzensemble: 26/2-2016

Blues Brass Collective: ¼ -2016

Shades – A tribute to Billie Holiday: 29/4 – 2016

Honorar til banda har vore flatt, dvs alle har fått det same: 5000,-, uansett størrelse på band og grad av profesjonalitet. Dette har vi gjort for å kunna halda oss stabilt kva gjeld økonomi.

Inngangspengane er 150, og det verkar som ein ok sum. Prisane i kafeen har vore uendra sidan start, til glede for publikum, men likevel slik at vi har ei rimeleg god forteneste.

Lydmannen vår, Johnny Osberg er uvurdeleg. Honoraret hans har vore det same gjennom alle år, 3000. Dette er tilliks med bandhonorar langt under marknadspris, og han gjer jobben delvis som dugnad for jazzkafeen.

Av andre faste utgifter i tillegg til innkjøp i kafeen, er husleige, kr 3000,- per kveld, og Tono og skjenkeløyve. Alle faste medlem gjer ein betydeleg innsats både med bookin, innkjøp, kafesal, rydding, brannvakt, pr, booking osv.

Tilbakemeldingane frå publikum er svært gode! Mange kjem med tilbakemeldingar om flotte musikkopplevingar og viktigheita av at dette kulturtilbodet finns i Frekhaug – at ein slepp reise til Bergen.

31/7-2016

Styret v/Kristine Fluge